

Dagens festdag 14/10-1960

LIVSGÅTOR

Kjenner Du til sorg og saknad,
og til freisting, kross og trengsla — —?
Ser Du dine planar rakna,
medan sjæli di sit fengsla,
bundi fast med sterke band,
knytte av ei fiend-hand — —?

Må som av-vandt barn Du tegja,
— sturande ved moderbarmen,
medan tanken ei kan greida
finna veg og mål i svarmen —?
Ofte spør Du då med gru:
«Kvar kjem dette frå, skal tru — —?»

Dette som ditt liv forverra,
og som ned ditt livsmod kuva,
det som held Deg innesperra,
so Du må i angst Deg gruva,
og som bryt som hav om flud:
«Er det satan eller Gud — —?»

«Kanskje er det straffedomen
eg for all mi synd skal smaka,
som no i min veg er komen. —?
Stein som fell på meg tilbake —?
Stein eg eingong kasta ut,
og som traff meg sjølv til slutt — —?»

Tusund gåtor hjarta såra.
Dødstrøytt slo det jamt i barmen.
Tanken vinn dei ikkje klåra,
eller stilla sjæleharmen.
Finst her ingi hjelp på jord —?
«Leit og les i Herrens Ord».

JOHS. M. L. RYDLAND.